

Her fylgjer høyringsuttala frå Vinje kommune.

Helsing

Hans Kr. Lehmann

Rådmann

Vinje kommune

Minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg – høyringsuttale frå Vinje kommune.

Vinje kommunestyre gav i møte 16. juni 2011 Vinje formannskap fullmakt til å gjeva ei uttale i denne saka. Vinje formannskap vedtok i møte 23. juni 2011 fylgjande uttale:

Vinje kommune meiner at minimums- og maksimumsverdiane i eigedomsskattelovas § 8 må fjernast. Samtidig må utrekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta gjerast meir stabil og langsiktig. Dette vil føre til at kapitaliseringsrenta aukar.

Vinje kommune vil grunngjeva dette slik:

1. Kraftverk er det einaste objektet i eigedomsskattelova som har ei minimums- og maksimumsgrense, noko som bryt med dei generelle prinsippa i lova. Vinje kommune kan ikkje sjå nokon grunn til at akkurat kraftverk skal ha egne reglar. Med dei høge kraftprisane har dei fleste kraftverka marknadsverdiar som ligg godt over lovas maksimumsverdiar. Alle prognoser viser at prisane i mange år framover kjem til å halde seg på eit langt høgare nivå enn då maksimumsgrensa blei gjort gjeldande i 2004. Store verdiar blir derfor unndrege frå skattlegging på lang sikt.
2. Det er frå fleire hald hevda at endring av gjeldande reglar vil føre til ei uheldig omfordeling av inntekter kommunane i mellom. Til det er å seia at denne omfordelinga skjedde ved innføringa av ordninga, i favør av eigarkommunane og private eigarar av kraftverk, jf punkt 3. At Vinje kommune er ein av dei kommunane som vil tene på ei fjerning av taket, er både i samsvar med skatterettslege prinsipp og politiske mål. Føremålet med eigedomsskatt på kraftverk har vore at utbyggingskommunane skal ha ein rettvis kompensasjon for dei areala som blir nytta til kraftutbygging. Kraftkommunane er ofte næringssvake og har over tid hatt ei uheldig folketalsutvikling. Dette gjeld òg Vinje kommune. Vinje er den nest største kommunen i Sør-Noreg målt etter areal, men har lågt innbyggjartal (3 670) og svært spreidd busetnad. Dei statlege krava til det kommunale

tenestetilbodet er likevel like store i denne kommunen som i dei folkerike kommunane med konsentrert busetnad og mange til å dele på fellesutgiftene. Kostnadsnivået per innbyggjar er generelt vesentleg større i typiske vertskommunar enn i typiske eigarkommunar, jf KOSTRA.

3. Inntektene kommunane har av eigedomsskatt på kraftverk er på 2 milliardar kroner. Til samanlikning tek staten ut 8 milliardar i utbytte frå Statkraft. Berre Oslo kommune tek ut meir i utbytte frå sine kraftverk (3,5 milliardar kroner) enn dei inntektene kommunane samla har av eigedomsskatt. Med tanke på fordelingsverknader må det takast omsyn til dette. Det er eit legitimt krav at kommunane som har alle dei fysiske ulempene av kraftutbyggingane, også får sin del av verdiauken i kraftbransjen.
4. For å halde oppe kraftbalansen kan det bli naudsynt å byggje ut meir vasskraft. Sjølv om den urimelege skatterabatten representerer eit insentiv til vidare investeringar og utbyggingar for kraftverkseigarane, så gjev ordninga den motsette verknaden for vertskommunane. Både aktørane er avgjerande for å auke utnyttinga av vasskrafta. Ei fjerning av maksimums- og minimumsverdiane saman med auka kapitaliseringsrente, vil stimulere kommunane til å samarbeide om nye prosjekt.
5. Vinje kommune støttar framlegget frå LVK om at normrenta i forskrift 19. november 1999 nr 1158 § 18 8-4 blir endra slik at ho gjev uttrykk for ei meir langsiktig rente. Med ei normrente på om lag 2% vil kapitaliseringsrenta bli på 5 %, under føresetnad av at risikotillegget på 3% blir uendra. Ei slik endring av kapitaliseringsrenta vil redusere verknadane av å fjerne maksimumsverdien og gje kommunane ein reell auke på om lag 350 millionar kroner.

Vinje kommune viser elles til den fyldige uttala frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK).